



Referat og oppsummering etter forhandlingsmøte om ein felles intensjonsavtale mellom kommunane Fjell, Sund og Øygarden på Panorama hotell den 4. og 5. februar 2016

Møte nr. 1 4 og 5. febr. 2016 Kl 1200-1200	Forhandlingsutvala: Sund kommune: Kari Anne Landro (H), Nils Kåre Skoge (H), Jogeir Sognnæs (A), May Elin Limevåg (FRP)
Møteleiar: Ordførar i Sund Kari Anne Landro	Fjell kommune: Marianne Sandahl Bjørøy (AP), Tom Georg Indrevik (H), Svein Petter Bergh (SL), Anita Garlid Johannessen (FRP) Øygarden kommune: Børge Haugetun (TVØ), Atle Dåvøy (KRF), Espen Harkestad (AP), Andreas Kallekleiv (H), Silvia Haugland (TVØ)
Referent: Siri Fahlvik Pettersen	Administrasjonane: Stig Arne Thune(rådmann i Sund), Lillian Torsvik(møter for rådmannen i Fjell), Siri Fahlvik Pettersen (rådmann i Øygarden)
Fråverande:	Ingen

Sak.nr	Tema/sak	Konklusjon/oppfølging	Ansv
1.	Innleiing	Ordførar Kari Anne Landro ønskte velkommen til første forhandlingsmøte i Sund. Etter ein kort presentasjonsrunde, inviterte møteleiar til samtale om å få på plass ein god ramme og plan for forhandlingane.	
2.	Prosessleiar	Det vart drøfta og bestemt at forhandlingsutvalet hadde trong for å knyta til seg ein ekstern prosessleiar. Trond Wincentsen frå Sonat har vore prosessleiar for Nordhordlandskommunane. Vart engasjert og møtte fredag 5. februar.	Utført
3.	Referat	Administrasjonen har ansvar for referat og bidreg med skrivarhjelp til intensjonsavtalen.	Rådm
4.	Publisering	Administrasjonen har ansvar for utarbeiding og publisering av informasjon frå møta. Informasjonen vert lagt på kommunane sine heimesider/Facebook sider.	Vigleik Brekke
5.	Intensjons-avtalen Tidsløp	Ambisjon om at møteplanen som ligg føre strekk til. Avtalte møte er 11.02, 18.02, 24.02 og 03.03. Det er mål om at det ligg føre fullstendig utkast til intensjonsavtale før påske	
6.	Kommunikasjonsplan	Utkast til Kommunikasjonsplan skal liggja føre til forhandlingsmøtet 11.02.16	Vigleik Brekke
7.	Innbyggjarane	Dialogmøte med innbyggjarar er planlagt i april/mai	
8.	Styringsgruppe/ tilsette	Informasjon til styringsgruppene inkl. representantar frå dei tilsette om høve til å delta på dei felles	S.F. Pettersen Utført



		forhandlingsmøta	
9.	Møteform	Forhandlingsmøta er opne	
10.	Speleregler for møta/ prosess	<ul style="list-style-type: none">✓ Følgje formelle møtereglar✓ Respekt for kvarandre✓ Tre likeverdige partar✓ Vertskap for forhandlingsmøta har møteleiinga✓ Respekt for at me er i forhandlingar	
11.	Intensjonsavtalen Struktur og innhald	<p>Forhandlingsutvala er samde om at intensjonsavtalen skal ha denne inndelinga:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Innleiing<ul style="list-style-type: none">- Bakgrunn og formålet med avtalen2. Visjon3. Verdiar, mål og prinsipp4. Kvifor ny kommune: fordalar og ulempar/ sjå til rapporten frå Telemarksforsking5. Den nye kommunen<ul style="list-style-type: none">- namn, organisering og styring6. Demokratimodellen7. Prinsipp for tenestetilbod<ul style="list-style-type: none">- Nav, Kyrkja, m.v.8. Kompetanse9. Samfunnsutvikling<ul style="list-style-type: none">- Framtidige investeringsprosjekt10. Økonomi –<ul style="list-style-type: none">- Harmonisering av skatter og avgifter11. Kommunen som arbeidsgjevar<ul style="list-style-type: none">- administrative prosessar12. Kommunikasjonsplan<ul style="list-style-type: none">- informasjon til innbyggjarane – nytt digital plattform13. Vegen vidare/samanslåingsprosessen14. Særskilde tema	
12.	Intensjonsavtalen	<p>Det vart jobba med pkt 1, 2, 3 og 5. Førebelse konklusjonar er innarbeidd i første utkast til avtale.</p> <ol style="list-style-type: none">1. Innleiing<ul style="list-style-type: none">- Bakgrunn og føremål2. Visjon3. Verdiar, mål og prinsipp5. Den nye kommunen<ul style="list-style-type: none">- Namn, organisering og styring <p>Det er ikkje konkludert når det gjeld namn på den nye kommunen. Det er konkludert med at kommunesenteret vert lagt til Straume, kommunedelsentera vert lagt til Skogsvåg og Rong.</p> <p>Felles forhandlingsutval bad rådmannssekreariatet å innarbeida kap. 6 – Demokratimodellen i</p>	



		<p>intensjonsavtalen, med bakgrunn i avtaleteksten som ligg i Nordhordland sin intensjonsavtale.</p> <p>Første utkast til intensjons-avtale, versjon 1, føl referatet som vedlegg.</p>	
13.	Konkretisering og opplegg for vegen vidare	<p>Førebels oppfølgingsplan:</p> <p>11. februar Øygarden – dagsorden</p> <ul style="list-style-type: none">✓ Gjennomgang av utkast til intensjonsavtale✓ Kommunikasjonsstrategi✓ Framtidsplan <p>18. februar – Fjell</p> <ul style="list-style-type: none">✓ Intensjonsavtale- vidare konkretisering- delutgreiingar✓ Kommunikasjonsstrategi, medverknad, innbyggjardialog <p>24. februar – Sund</p> <ul style="list-style-type: none">✓ Intensjonsavtale – oppdateringar✓ Kommunikasjonsplan- status og aktivitet✓ Vidare prosess <p>3. mars- Øygarden kommune</p> <ul style="list-style-type: none">✓ Intensjonsavtale versjon 1.0 – signering✓ Opplegg for handsaming i kommunestyra	Ekstern prosessleiar
14.	Studietur	<p>Studietur til København for å besøkje kommunar med erfaringar frå samanslåing av fleire kommunar.</p> <ul style="list-style-type: none">- Sjå på positive og negative erfaringar <p>Stig Arne og Trond kjem med forslag til eit opplegg som felles forhandlingsutval (FFU) kan ta stilling til den 11. februar.</p>	